

# «Kom, tilbe med fryd!»

Kjære vener, det er ei ære å få ordet først i eit program som spenner så vidt og loddar så djupt som årets Mikkelsmesskonferanse. Og det fyller meg samstundes med ein viss beven.

## Gudstenesteglede

Årets konferanse set søkjelyset på gudstenesteglede. Det er både verdig og rett. For kristendom har frå første stund dreia seg om glede og forkynninga om gleda. Engelen på Betlehemsmarkene slo an tonen då han sa til gjetarane: *«Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket»*. (Luk 2,10)

Og Lukasevangeliet sluttar i den same akkorden, når Jesus tek avskjed med løfta, velsignande hender: *«Då fall dei på kne og tilbad han. Så gjekk dei tilbake til Jerusalem i stor glede.»* (Luk 24,52)

Av gleda har alt innan kristendommen utvikla seg og fått si meining, har ein sentral og viktig teolog sagt. Dei første vitna forkynte ei ny og altomfattande glede som forvandla slutten til ein begynnelse. Midt i motgang og forfølgingar ja, etter slag frå fangevaktarane, med føtene fastlåste i blokka i det inste fangeholet, heldt Paulus og Silas bøn og song lovsongar til Gud, med dei andre fangane som tilhøyrarar (Apg 16,25).

Dei løfta sine hjarte til Herren, i tråd med oppfordringa i prefasjonsdialogen (Sursum corda) som har innleia nattverdliturgien både i aust og vest i alle fall heilt sidan 200-talet.

*For er de då oppreiste med Kristus, så søk det som er der oppe, der Kristus sit ved Guds høgre hand.* (Kol 3,1)

For meg er det nettopp her det startar, med oppdaginga eller gjenoppdaginga av gudstenestegledas djupaste grunn – å få stige opp til himmelen og gå inn i ei feiring av eit stort mysterium: *«Kristus er mellom dykk, håpet om herlegdomen»* (Kol 1,27). Eg får bli del av eit fellesskap som sprengjer alle grenser, eg får finne min plass i ei fortelling om sjølv livet, om sjølv røynda. Eg får blande inn mi røyst og tilbedande synge i eit lovsongskor som sameinar Guds menighet i himmelen og på jorda i samrøysta jubelsong: *Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom.*

## I lyset frå oppstoda

Søndag etter søndag feirar kyrkja ei røynd som vi alltid lever i lyset av, Kristi oppstode frå dei døde. Gjennom lesingar og bønner og handlingar vert denne hendinga gjort levande og nærverande for oss, og slik vert trua næra og gleda opptend. For gudstenesta opnar oss igjen og igjen for den røynda vi har så lett for å gløyme. Det er som ei Narnia-oppleving, der mølletne frakkar blir bytt ut med treleggar i ei parallell røynd. Vi stig inn i ei fortelling som handlar om oss sjølv, og der det som hende ein gong i historia ikkje lenger har berre historisk interesse, men blir vår eiga historie, i Guds *no*.

Det er blitt sagt om den russisk-ortodokse teologen og prestelæraren Alexander Schmemmann, som var ein stor inspirator for den gudstenestefornyinga som gjekk over heile den vestlege verda i andre halvpart av forrige århundre at han var ein mann full av glede – «den gleda ein kan eige berre om ein har vore i himmelen kvar åttande dag.»

Den åttande dagen er eit omgrep vi møter nokså tidleg hos kyrkjefedrane. Det dreiar seg om oppstodedagen, den første dagen i veka, nyskapingsdagen, dagen for den messianske fullendinga, som går ut over veka si rytme og tida sine grenser og opnar eit radikalt eskatologisk utsyn.

Kjelda for Schemanns glede var nettopp gudstenesta si feiring av den oppstadne, for i gudstenesta får den truande eit glimt av den himmelske prakt og venleik.

## Lyft dykkar hjarte

Glede er ikkje noko ein kan definere eller analysere, eller for den del kommandere fram. Glede går ein inn i, når ein tek imot innbydinga frå han som er opphavet til gleda: “Kom inn og gled deg i lag med herren din!” (Matt 25,21)

Korleis kan vi gå inn i denne gleda? Eigentleg er det berre ein veg, ein måte å forstå den på: ved å gjere det Jesus innbaud til då han sa: Gjer dette til minne om meg. Denne handlinga har frå begynnelsen av vore både kjelda og fullendinga av denne gleda, sjølvle gledes sakrament, nattverden – eller eukaristien, som det heiter på gresk, og som på engelsk og fleire andre språk den dag i dag er eit mykje brukt ord om nattverden.

Tenk for ei glede å få feire gudsteneste. Finst det ei større lykke enn å få “stige opp til himmelen”? Somme synes det høyrest litt rart ut å seie “feire gudsteneste”, men for meg gir det stor meining. Det er viktig nok å kome saman til møte av ulikt slag, men når klokkene ringer på søndag og vi samlast i Guds hus, så er det ikkje for å halde møte, men for å *feire* gudsteneste.

Omgrepet ‘feire’ er alltid knytt til ei hending og føreset eit fellesskap som reagerer på det som ein feirar. Når vi feirar ei høgtid i familien, ein fødselsdag eller ein bryllaupsdag, stoppar vi opp og gir merksemd til noko som vi lever i heile tida. Det vi feirar er ikkje gyldig berre den dagen feiringa skjer – som om to ektefeller berre var gifte på bryllaupsdagen sin og ikkje resten av året. Men det som alltid er sant blir, når vi feirar det, forsterka og fordjupa i erfaringa vår. Det blir endå meir dyrebart, meir levande.

## Tilbake til røynda

I gudstenesta feirar vi ei røynd som alltid er for handa – Jesu oppstode frå dei døde. Men gjennom liturgiens språk, riter og handlingar vert denne gjort levande for oss og blir nærverande for augene våre. Gudstenesta fører oss igjen og igjen tilbake til røynda. Den

røynda vi ikkje kan sjå med vårt ytre auge, men som er den ytterste røynda: “vårt liv er skjult med Kristus i Gud!” (Kol 3,3)

Kardinal Joseph Ratzinger, seinare pave Benedikt XVI, seier det slik i boka *The Spirit of the Liturgy*: «Worship gives us a share in heaven’s mode of existence, in the world of God, and allows light to fall from that divine world into ours. [It] ... has the character of anticipation. It lays hold in advance of a more perfect life and, in so doing, gives our present life its proper measure. A life without such anticipation, a life no longer opened up to heaven, would be empty, a leaden life.»<sup>1</sup>

Eg må ofte utfordre meg sjølv på om eg verkeleg trur på denne fortellinga om den djupaste røynda, om eg klarer å leve opp til det eg påstår om meg sjølv, om oss. Ja, for eg vågar meg til å påstå at eg lever midt i den viktigaste fortellinga som finst. At vi veke etter veke samlast om sjølv universets sentrum – dvs alteret og nattverdbordet. Men merkast det på meg? Vågar eg å fortelle andre om det, dvs i andre høve enn frå preikestolen? Synast det i kroppen min, i augene mine, synast det i måten eg oppfører meg på at det er dette eg trur?

Kanskje er det ikkje så mykje nytt vi treng å finne på, men heller oppdage storheita i det vi gjer?

## Lengt etter å bli berørt

Så kva står i vegen for at fleire skal oppleve sanninga i one-linaren «den som mister en messe, mister en masse»? Kva er det som hindrar eller hemmar opplevinga av at det som skjer i gudstenesta berører eller er relevant?

Ifølge erkebiskop Martin Modeus, som har forska mykje på menneskes forhold til gudstenesta, er det frie valet av avgjerande betydning. Han seier: «När man frågar människor om deras gudstjänstupplevelser återkommer påfallande ofta en längtan att bli *berörd*. Detta är ett nyckelord. Man vill bli berörd av gudstjänsten eller berörd *i* gudstjänsten.»<sup>2</sup>

Modeus viser til at folk uttrykkjer seg nokså vagt når ein langt borte ser noko som ein lengtar etter, noko ein kanskje har smaka på, men som er vanskeleg å sette ord på. Og så legg han til at i svenskkyrkjeleg tradisjon har ein ofte drege ulykksalige slutningar av dette. Konklusjonen blir ofte at feilen ligg i gudstenesteordninga eller i at personalet ikkje presterer godt nok. Dei gudstenesteansvarlege har fått for seg at ein sjølv har hatt ansvar for at menneske skal bli berørte. Ei tung bær, må vi vel innrømme.

«Sällan blir det så tydligt hur (den första typen av) kultursensitivitet – att gudstjänsten ska anpassas efter kulturen – har sitt ursprung i en konsumistisk syn på gudstjänstfirande: om

<sup>1</sup> Joseph Cardinal Ratzinger (2000), *The Spirit of the Liturgy*, s 21

<sup>2</sup> Martin Modeus (2017), *Levande gudstjänst – teologins uttryck och folkets behov* (upublisert manus)

konsumenten inte uppskattar produkten – ändra den tills kunderna återvänder. Detta är inte en framkomlig väg för gudstjänsten.

Å bli *berørt* ligg bortanfor det som det går an å organisere fram. Det høyrer saman med «den heliga andens osynliga berøring av människans hjärta, där minnen, relationer, nuet och framtiden sätts in i ett sammanhang, påskens sammanhang, där ett helande kan börja växa fram. Där människor i kroppen opplever att liv, ansvar, kärlek, liturgi är ett.»

Derfor skal vi vere forsiktige med forandringar, enten det handlar om å ‘tradisjonisere’ eller ‘modernisere’, seier Modeus.

## Kontakt med eigen lengt

Kjære vener, tillat meg å bli litt nærgående. Kan det ha noko med at eg/vi har mista kontakten med vår eigen lengt? Er det ikkje nettopp slik at vi lett gir etter for ei kundeorientering, at eg begynner å tenkje litt vel mykje på kva folk vil ha – og at det sikkert er noko anna enn det eg sjølv treng? At dei andre er annleis enn meg?

I staden for å tenkje: kva er det eg lengtar etter? Kva er det som skal til for at eg vil vere med? Kva er det som kling sant i mitt liv?

I det store oppstodekapitlet (1 Kor 15) innleier Paulus og seier: *for først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke ...* Og tilsvarande med Johannes i innleiinga av sitt fyrste brev: *det vi har høyrte, det vi har sett med våre eigne auge, det vi såg og hendene våre rørte ved, sjølvve livsens ord, det forkynner vi.* (1 Joh 1,1)

Eg må stadig igjen og igjen botne i evangeliet. Det held ikkje at eg ein gong for lenge sidan hadde eit fint møte med Kristus. Det rekk ikkje at eg har eit minne om ein gong då eg vart berørt av kyrkjias liv. Kvar dag treng eg den miskunn som ikkje tek slutt, men er ny kvar morgon (Klag 3,22f).

Det er min lengt, det er den kvila eg treng – *for du har skapt oss til deg, og vårt hjarte er uroleg til det finn si kvile i deg*, sa den heilage Augustin og oppsummerte menneskelivets grunnvilkår meir presist enn dei fleste andre. Igjen og igjen må eg botne i denne lengten og ha det som utgangspunkt når eg tenkjer på kva vi treng å fokusere på i vårt gudstenestearbeid.

*Kvart auge ser opp mot deg som kan gje*

*den daglege mat til munnar som bed.*

*Du krev deira ande, og livet er tapt.*

*Du sender din Ande, og livet vert skapt.*

## Å sjå bak overflata

Eit anna spørsmål eg gjerne vil at vi stiller oss er om vi har mista djupnesynet vårt. Vi ser kanskje ikkje det store i det lille og enkle. Vi blir som kyrkje ofte dregen inn i ei nokså stengt verd, der vi trur berre det vi ser og vi trur at det er opp til oss, at det er det som er muleg for oss som er det mulege, og så misser vi trua på at det kan skje noko som ligg utanfor vår kontroll.

Då kortsluttar vi fort på same måten som erkebiskop Modeus hevdar at våre svenske søsken kan gjere.

Og då hamnar vi lett også i det den same Augustin snakkar om med kjærleiken som ikkje er rett ordna. Det har med retning å gjere og med rekkefølge, om å elske Gud for hans eiga skuld. Den rett ordna kjærleiken er ifølge Augustin utgangspunktet for at vi kan leve på ein rett måte i forholdet til både Gud og vår neste. Ja, for er det Gud vi elsker, og ikkje vår eigen avgud eller vårt bilde av Gud, eller er det kanskje idealbildet av oss sjølve?

## Øving i å elske kyrkja

Eg trur vi treng å øve oss i å elske kyrkja, som jo er Kristi kropp i verda. Trur vi verkeleg at kyrkja er *samfunnet av dei heilage*, *communio sanctorum*, eller er kyrkja enten altfor liberal eller altfor konservativ, ein byråkratisk og traurig organisasjon som vi berre må halde ut med, nærast eit nødvendig onde? Det hender at eg sit igjen med eit slikt inntrykk etter møte med kyrkjelege medarbeidarar, at dei føler at dei må ta tydeleg avstand frå kyrkja. At Jesus er god og eit tydeleg forbilde, men at kyrkja er mest plunder og heft.

Men problemet er jo at Jesus identifiserer seg totalt med kyrkja si. Kvifor forfylgjer du *meg*? var spørsmålet Saulus vart møtt med på Damaskusvegen. Den som foraktar kyrkja, foraktar Kristus sjølv.

Sjølvsagt skal vi også våge å vere sjølvkritiske når det trengst. Men midt i vår kritikk må vi også elske kyrka. For med alle sine manglar og sin fattigdom og si menneskelegheit er kyrkja Kristi kropp. Vi må ikkje tru at kyrkja er noko slitsomt som vi må utstå, eller i verste fall bekjempe, men tvert imot er ho sjølve fundamentet, ja, grunnen for liva våre. Vi er kalla til liv som vitnar om dette bristfeldige fellesskapets uhøyrd kraft. Kyrkja er ein kropp som skal forme meg og førebu meg og heile verda på det komande Guds rike, det som allereie er midt iblant oss og kjem oss i møte frå framtida.

## Øving i å elske gudstenesta

For det andre treng vi å øve oss i å elske gudstenesta. Gudstenesta er jo heilt fantastisk og langt frå eit problem vi skal uthalde eller løyse. Gudstenesta opnar ei heil verd for oss. Men at det finst mange risikofaktorar er også sant. For eksempel om vi ser liturgien som eit

nødvendig onde, ei transportstrekning. Eller om vi tenkjer sentimentalt eller tradisjonalistisk om gudstenesta. At det blir eit overdreve fokus på å gjere rett eller gjere slik vi alltid har gjort.

I Lima-dokumentet (Baptism, Eucharist, Ministry, 1982) frå Kommisjonen for tru og kyrkjeordning (Faith and Order), som omfattar 120 medlemmer frå eit globalt spektrum av kyrkjesamfunn - frå adventistar og pinsevenner til katolikkar og ortodokse - seiast det at «Nattverdfeiringen har alltid noe med kirken som helhet å gjøre, og hele kirken har del i enhver lokal nattverdfeiring.»

Dette tyder at i kvar gudsteneste finst det noko som går langt ut over det rommet der den foregår. I denne hendinga finst ein dimensjon som den lokale samanhengen ikkje eig sjølv. Messa er ikkje berre vår felles handling med ein felles symbolikk i det store og heile, men den er ei konstitutiv, eskatologisk hending som bind saman det lokale altaret og den lokale gudstenestedeltakaren med det allmenne – eller katolske – fellesskapet i tid og rom. Det knyter oss til kyrkja med stor K – og det inneber K for både Kristus og Kyrkja.

Er ikkje det noko vi i lykkelege stunder kan oppleve i gudstenesta? Når vi opplever meininga som ligg djupare enn overflata, når vi kjenner at vi resonnerer med omverda vår, som ein vekselverknad mellom meg og det eg ser omkring meg i menneske som eg møter? At her hender livet sjølv, her formast eg, her bidreg eg, her hender noko viktig, eg er ikkje tilskodar, heller ikkje utførar, men eg er med i noko som hender.

Det same Lima-dokumentet omtalar nattverden som «det store lovprisningsofferet hvorved kirken taler på vegne av hele skaperverket. For den verden som Gud har forsonet er til stede ved enhver nattverdfeiring: I brødet og vinen, i de troende og i de bønnene disse ber for seg selv og alle mennesker.»

Nattverden er eit vitnemål om kva verda ein gong skal bli: Eit offer og ein lovsong til Skaparen, eit verdsvidt fellesskap i Kristi kropp, eit rettferdas, kjærleikens og fredens rike i Den heilage ande.»

Kvifor vi feirar gudsteneste?

Svaret er: Vi feirar gudsteneste til Guds ære. Vi kjem saman i samfunnet av dei heilage for å lovsynge Gud, og for å bere verda fram for Gud.

## For verda si skuld

Det er ei heilt grunnleggande innsikt om kyrkja at ho ikkje er til for seg sjølv, men for verda si skuld.

Kyrkja er ikkje oppfunnen for å vere ein arbeidsplass eller eit aktivitetssenter eller for den del eit fellesskapstilbod i og for seg.

Kyrkja er til fordi Gud sjølv har stige ned, har gått inn i vår verd, har bøygd seg ned og blitt ein av oss – for å sette skuldra si under menneskeslekta og løfte oss opp.

Guds ynskje er å helge verda – dvs gjere henne heilag. For heilag, det er kjenneteiknet på Gud sjølv.

Å helge verda vil seie å re-etablere den i sitt rette forhold til Gud, innbefatta kvar einskild ting i den.

Det er oppdraget Gud ga til Adam og Eva, og som dei dessverre mislykkast med.

Det er oppdraget som den nye Adam, Kristus, har gitt til KYRKJA, som er den nye Eva.

Gudstenesta er som ei reise eller ein prosesjon – kyrkja si reise inn i Guds rikes dimensjon. Reisa startar for den enkelte av oss idet vi går heimafrå, om vi no må køyre 15 kilometer eller gå eit par kvartal. Ei sakramental reise, ei handling som er sjølv vilkåret for alt anna som skal hende. For idet vi går ut døra heime er vi på veg til å konstituere Kyrkja, eller rettare: å bli forvandla til Guds kyrkje. Frå å vere ei mengd individ, nokre svarte, nokre kvite, nokre fattige, nokre rike kallast vi saman på ein stad. Vi tek med oss våre liv, vår verd, og så blir vi meir enn vi var. Eit nytt fellesskap med eit nytt liv. Å kome saman.

Eit anna gresk ord, som vert brukt om forsamlinga: ekklesia, dvs dei som er kalla ut. For å bli delaktige, bli involverte.

## Revisjon av liturgar – heller enn liturgiar

Eg hadde gleder av å bli kjent med professor Helge Fæhn, som var sentral i gudstenestereformarbeidet i andre halvdel av forrige århundre. Han vart aldri lei av å understreke korleis urkyrkja og oldkyrkja tok Jesu ord «Gjer dette – til minne om meg» på alvor. I fleire århundre var høgmissa ei verkeleg «felleshandling». Dei mange enkeltfunksjonane var fordelte på forskjellige personar med kvar si (handskrevne) «rollebok»: bønneboka for biskopen/presten, epistlar og evangelier samla i kvar sine bøker, korsongane og solosongane likeså, det var også kyrkjetenarar og dørvaktarar. Dette viser korleis oldkyrkja kultiverte og førte vidare det prinsippet som Paulus formulerte for kyrkjelyden i Korint: korleis dei ulike tenestene og nådegåvene burde utfaldast i messa (1 Kor 12 og 14).

Og Fæhn var tydeleg på at det var eigentleg ikkje liturgien som hadde størst behov for revisjon, men liturgane.

I boka *Messe med mening* skriv han: «Nå ble høymessen og ikke minst nattverden levende og meningsfull på en helt annen måte enn før, og sammen med Bo Giertz' 'Kristi kyrka' og 'Kyrkofromhet' fikk jeg en grunnleggende opplevelse av liturgi som eksistensiell holdning og messen som selve livsnerven i Kirkens liv.»<sup>3</sup>

---

<sup>3</sup> Helge Fæhn (1998), *Messe med mening*, s 15-16

Liturgi er eit gresk ord som tyder ei handling, ei handling som inneber at ei gruppe menneske blir noko korporativt som dei ikkje hadde vore om dei berre var ei samling individ. Ein heilskap som er større enn summen av delane. I liturgien vert vi Jesu Kristi kropp. *Fordi det er eitt brød, er vi alle ein kropp*, seier vi ved brødsbrytinga i nattverdliturgien.

Vi blir det vi et. Idet vi går inn til vår Herres glede. Og det er jo dette som er vårt kall: å gå inn i den gleda slik at vi blir vitne om den i verda!

## Liturgi er røyndom

Liturgi og gudsteneste er ikkje ein idé eller berre vakre, estetiske seremoniar, men røyndom – til tider nokså tøff røyndom; når samanhengen mellom røyndomen for Guds ansikt innanfor dørene og møtet med Kristi ansikt i vår lidande bror vert openberra for oss.

Vi ber mange med oss – og blir sjølve borne av mange. Kvar gudsteneste feirast i lag med heile den verdsvide kyrkja, og med kyrkja i himmelen! Vi går til gudsteneste for å feire den nye skapinga.

Denne røyndomen er den eg lever midt i til kvardags, enten det no dreiar seg om eit fagert kulturlandskap på Ringerike eller i eit meir eller mindre eksosfylt bylandskap i Drammen.

Akkurat der eg er skal eg feire nattverdens mysterium, og akkurat der stig Kristus ned til oss – og med han kjem heile den verdsvide kyrkja . Også den himmelske delen av henne – martyrane, apostlane, englane, kjerubane og serafane. Det er ikkje tilfeldig at denne konferansen låner namnet sitt frå erkeengelen Mikael og er lagt nettopp til Mikkelsmess.

Over vårt alter lyftast den store lovsongen av enkle røyster: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. Himmelen og jorda er fulle av hans herlegdom! Denne songen vert sunge i virkligheitas midtpunkt, i det himmelske templet.

Målet med kyrkja si sending til verda er at heile verda skal synge mot Gud, gi Gud ære, den ære han fortener. Alt er skapt til ære for han, og når vi kjem til gudsteneste, kjem vi - slik den eine spedalske gjorde det – for å bringe Gud ære.

Tilbake til Schmemann. Av han har eg lært: Det er ikkje slik at det finst to liturgiar, ein i himmelen og ein på jorda, men ein einaste liturgi, i himmelen og på jorda.

Gudstenesta er ikkje ei flukt frå verda, men heller eit gjenbesøk ved Jakobs stige, der det er trafikk i begge filer, både oppadgåande og nedadgåande.

Denne stigen vart skapt gjennom at Gud vart menneske, gjennom inkarnasjonen.

Gjennom liturgien får materien sitt mål. Alt det materielle er råmateriale for gudsteneste.

Der er ein språkleg og meiningsfull samheng mellom ordet *materie* og *mater*. Når vi stiller spørsmålet *What does it matter? Kva betyr det?*, så spør vi: *Kva føder det?*



Filosofane har alltid ant at denne verda er ein skugge av ei djupare, tettare, høgare virkelegheit, men det var kristendommen som minte filosofane om at denne virkeligheita ikkje bryt fram på bekostning av den materielle verda.

Himmelriket byggjer på kroppens oppstandelse, ikkje flukta frå kroppen. Denne verda har meining, *it matters*: den er moder jord, moder historie, den føder evigheita.

## Sjå mot aust!

Når ein begynte å bygge kyrkjer i tidleg kristen tid, var det ikkje tilfeldig at inngangen vart plassert i vest. Ein skulle gå mot aust når ein gjekk inn i kyrkja.

Vest er mørkets himmelretning. Det er i vest sola går ned.

Aust er lysets himmelretning, det er der sola går opp.

- Sjå mot aust!, ropte diakonen på eit punkt i nattverdliturgien i oldkyrkja.

Ja, dei gjer det framleis i den koptisk-ortodokse kyrkja, slik fleire av oss har fått oppleve i lag med våre søsken i Egypt.

- Sjå mot aust!

I aust ligg det tapte paradiset. Allereie når dei gjekk inn i kyrkja, vende dei kristne livet sitt mot framtida og vart fylte av glede over det som no venta dei.

Rettferdas Sol, Jesus Kristus, som har gått opp med lækjedom under sine venger, lyste opp hjarta og ansikta deira. Fylte av takkseing feira dei eukaristien, håpets måltid.

## Moltmann på MF

Den tyske teologiprofessoren Jürgen Moltmann døydd 3. juni i år. I 2018 var den då 92 år gamle Moltmann på besøk i Norge og fekk tildelt sitt æresdoktorat for den innverknaden han har hatt for teologi, preike og praksisar i kyrkjer over heile verda.

Typisk nok var temaet som denne håpets teolog hadde valt for si forelesning på MF: «Hope – Power of Beginning – Power of Patience».

Han innleia forelesninga si med desse orda:

Some people may wonder: Why is an old man still concerning himself with hope at 92?

Er ikkje livet hans snart over? Burde han ikkje pensjonere seg og førebu seg på sin bortgang? Er han enno ikkje mett av dage og fornøgd med livet sitt? Kva ventar han enno på?

Litt seinare svarar han sjølv på spørsmåla og seier:

La meg dele noko veldig personleg med dykk: Jo nærare eg kjem døden, dess meir forventar eg å finne begynnelsen i avslutninga, og i døden fødselen til evig liv. Eg ventar lidenskapeleg på «de dødes oppstandelse og et liv i den kommende verden», slik det står i den nikenske

truvedkjenninga. Dette er «den nye himmel og den nye jorda, der rettferda bur». Når Gud tørkar alle tårer og gjer alle ting nye, då vil eg vere der. Det vil bli ei feiring som omfattar heile verda.

Eskatologien, lærepunktet om håpet, er ikkje eit av mange punkt i truslæra vår, ikkje berre eit element i kristendommen, seier Moltmann, men er sjølv den kristne trua sitt medium, sjølv grunntonen, gløden som bles liv i alt, her i morgongryet til den nye dagen.

- Sjå mot aust!

Det er håp, for Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.

Så la oss vere modige – og tolmodige ...

- mens vi ser mot aust ...